

Årsmelding 2023

Landro sokn





LANDRO SOKNERÅD



Dag-Olav Bjørøy
Soknerådsleiar

Helsing frå soknerådsleiaren

Vi har eit rikt arbeid i soknet vår!

Vi gler oss over at vi får halde oppe arbeidet som har vore starta tidlegare og at vi har fått vere med på å starte nye tiltak – alt for å vinne fleire for Kristus.

Eitt særleg positivt trekk er at kora våre er blitt knytt enda tettare til gudstenesta, dette er positivt både for kora og for gudstenestene!

Det vi gjer, blir lagt merke til! «God nok»-prosjektet blir gjort til permanent tiltak på grunn av at Øygarden kommune har vedteke ekstra støtte til diakon!

Soknerådet

I løpet av 2023 har vi fått nytt sokneråd.

Det gamle rådet hadde 7 møte og handsama 69 saker og besto av

- Bjarte Nese (sokneprest)
- Tove Karin Angeltveit (leiar)
- Kjersti Angeltveit (nestleiar)
- Dag-Olav Bjørøy (representant i fellesrådet)
- Sven Bech-Sørensen
- Kjersti Berland
- Heidi Ødegård Vik

- Arne Lie (1. vara)
- Hilde Heggholmen (vara)
- Maryam Veisi (vara)
- Helga Ellingsen (vara).

Vi takkar det gamle rådet for innsatsen.

Frå 1. november fekk vi nytt råd. Dette rådet har hatt tre møte og handsama 26 saker og består av

- Bjarte Nese (sokneprest)
- Dag-Olav Bjørøy (leiar)
- Tove Karin Angeltveit (nestleiar)
- Kirsten Kjølén (representant i fellesrådet)
- Ingvild Langeland Tellnes
- Kjersti Berland
- Anne Kristine Christiansen
- Laila Linde Lossius (1. vara)
- Sven Bech-Sørensen (vara)
- Hilde Heggholmen (vara)
- Elias Solsvik (vara)
- Mona Alvøen Thomsen (vara)

Tiltak som er sett i drift dette året

«God nok» er eit diakonalt prosjekt i samarbeid med Landro skule. Fokuset er å styrkje den psykiske helsa til barneskuleelevar før dei skal byte miljø til ungdomsskolen. Dette prosjektet var så interessant for Den norske kyrkja at vi fekk støtte til utviklinga derfrå

(som eitt av åtte prosjekt i landet!). Diakonen vår, helsesjukepleiar ved Landro skule og fem frivillige har jobba med dette prosjektet gjennom året. Prosjektet blir vidareført som fast tiltak etter prosjektperioden som går ut i juni 2024.

Tiltak der vi har søkt om og fått støtte i 2023 og skal starte opp i 2024

Lavvo i «kyrkjehagen». Vi har til saman fått 145.000 kr til dette tiltaket, og vi har etablert ei «lavvo-gruppe» som byggjekomitée, her er medlemmer både frå stab, sokneråd og frivillege. Val av type lavvo og grunnarbeid er planlagt våren 2024. Her vert det dugnad, så no kan kyrkjelyden få bli med på «kyrkjebyggjande» arbeid!

Andre spesielle saker

Vi hadde særleg fokus på gjevartenesta i vår og gjennom aksjonen fekk vi tak i ein del nye faste gjevarar. Vi treng fleire, så dette arbeidet skal vi halde fram med.

Vi har utarbeidd ein kortfatta plan over kva vi treng av bygg/anlegg til kyrkjeleg bruk dei neste åra. Eitt av punkta her er at vi ønskjer oss tilgang til lokale på Ågotnes for ulike tiltak – på grunn av at det er råd å ta buss til/frå Ågotnes i store delar av døgeret.

Prosesjonskross vart bestilt, og er levert etter nyttår.

Soknerådet har òg vore med på å betale for ny komfyr på kjøkenet i kyrkja, eit utruleg populært tiltak for dei som brukar kjøkenet!

Inntektene frå basaren i 2023 er fordelt utover ulike tiltak for barn og unge

- Barne-/tweens-/teenskor
- Oppgradering av leikekroken i kyrkja
- Oppgradering av multimediaustyr i kyrkjekjellaren
- Søndagsskulen
- Ungdomsarbeidar

Underutval/komitéar

Soknerådet har underutval/komitear for:

- Diakoni
- Utsmykking
- Oppgradering av bygg/anlegg
- Bygging av lavvo
- Generasjonskveldar
- Vaksentilbod
- Basar

Vi vil takke alle dei frivillege som er med i dei ulike utvala og på alle dei ulike tiltaka våre – og vi tek mot alle som kan tenkje seg å vere med på ei eller anna teneste. Kom gjerne med nye forslag til oss!





ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Bjarte Nese
Sokneprest

2023 har vore eit år med mykje aktivitet i kyrkjelyden. Det har blant anna blitt arrangert temakveldar i kristen tru, der ulike sider i kristendommen har blitt belyst. Ein av kveldane var ein samtalekveld mellom Gustav Landro og sokneprest Bjarte Nese om dom og frigjering. Dette var også året der ein sette i gang det diakonale prosjektet «God Nok».

Utetorsdagar og generasjonskveldar

er også nylege satsingar i kyrkjelyden. Bønnegruppa har bønnestund på tysdagar, og kyrkjelyden si opne bibelgruppe har fleire samlingar i semesteret. I tillegg til dette kjem fleire T-dagar som til dømes «Lys våken», konsertar m.m. Dessutan var det soknerådsval, og der nytt sokneråd begynte sitt arbeid den 1. november. Kyrkjelyden har svært dedikerte frivillige medarbeidarar, og det vart arrangert ein fin medarbeiderfest i februar.

Gudsteneste frammmøtet i Landro sokn er rimeleg stabilt gjennom fleire år, dersom ein ser bort frå pandemiåra. I 2023 vart det arrangert 56 gudstenester med eit totalt frammmøte på 5567. Dette inkluderar nattverdgdust på Kvednatunet. (I 2022 vart det arrangert 60 gudstenester

med totalt 5373 frammmøtte.) Av desse var det 41 gudstenester på søndagar og helgedagar med eit totalt frammmøtetotal på 3605. (2022: 47 gudst. frammmøte 3977) Det var noko færre søndagsgudstenester i 2023 enn tidlegare. Slik er det talet på frammmøtte noko lågare. Men gjennomsnittleg frammmøte er til gjengjeld betre. Årsaka til at det er noko færre gudstenester, har med at det var noko fleire fellesgudstenester enn tidlegare, blant anna på grunn av fjernsynssendingane i Foldnes. Det var dessutan noko færre særskilde dåpsgudstenester på søndagar.

34 barn vart døypte i kyrkja (2022: 27), 60 ungdommar vart konfirmert (2022: 48) og det var 2 vigslar i 2023 (2022: 3). Vidare har det vore 28 gravferder/bisetjingar i kyrkja. (2022: 26)


Desse tala visar ein stabilitet omkring oppslutninga av kyrkjeleg handlingar i Landro sokn.

Første halvår var sokneprest Bjarte Nese fungerande prost i Vesthordland. Knut Kaldestad var inne som fungerande sokneprest, og var inne i fleire av hans funksjonar.


Kyrkjelyden har stort potensiale, og det er igangsett spennande tiltak som ein har forventningar til framover.

STATISTIKK

DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



ANTAL DØYPTE



Søylene visar det totale antal gudsteneste-deltakarar og antal døpte i Landro kyrkje sidan 2018.



Pr. 31.12.2023 er det **4079** medlemmer i Landro sokn.





ÅRSMELDING FRÅ BARN OG UNGE

Visjonen for kyrkja i Øygarden er «Nær Gud, nær menneske». Kyrkja skal vere ein arena der barn og unge kan finne samhald, glede, frimod og nærleik til kvarandre og til Gud. Eit overordna mål i alt barne- og ungdomsarbeidet er at alle mellom 0 og 18 år skal oppleve at dei høyrer til i kyrkjelyden, at dei er ein viktig og naturleg del av fellesskapen. I Landro sokn tilbyr ein ulike trusopplæringstiltak for at barn og unge skal oppleve tilhøyrse i kyrkjelyden.

T-dagen og FUNK

«T-dagen» innanfor trusopplæringa, er eit samarbeid mellom dei tre sokna Fjell, Foldnes og Landro. Det betyr mellom anna at der T-dagen vert arrangert i eller ved éi av kyrkjene, er barna og ungdomane i dei to andre sokna også invitert.

FUNK er forkorting for «For Ungdom i Kyrkja», og er namnet på det ungdomsarbeidet som er felles for alle dei tre kyrkjelydane som samarbeidar om mykje av ungdomsarbeidet: Konfirmantarbeidet, leiarkurset, turar og leiarweekend, Adventfest og Sommarfest.

Også i 2023 har alle døypte og tilhøyrande blitt inviterte til T-dagane, dei fleste gjennom invitasjon i posten, og i tillegg med invitasjonar gjennom facebooksidene til kyrkja og gjennom kyrkjebladet, kunngjeringane og gjennom SMS.

- T1 dåp: dåpskurs, dåpen og babysong. For dei aller minste!
- T2 Påske: påskevandring for toåringane, utandørs
- T3 Advent: adventgudsteneste for treåringar
- T4 Kyrkjebok: utdeling av kyrkjeboka til fireåringane. I desember delte frivillige medarbeidarar her i Landro ut kyrkjeboka på dørene og/eller i postkassa til alle dei som ikkje kom til kyrkja på T4!
- T5 Den gode gjetaren: for alle femåringar
- T6 Skulestart: for skulestartarane våre
- T7 Sprell levande: (som var Pilgrim, ei vandring for sjuåringar langs kyrkjevegen frå Morland til Fjell kyrkje). Vi har bytta T7 og T8
- T8 Bøn: for åtteåringane og heile familien deira
- T9 Tårnagent: niåringane på oppdrag i kyrkja
- T10 HalloTweens: 10-åringane på klubbkveld
- T11 På Sporet: 11-åringar og augevitne frå Jesu tid
- T12 Lys Vaken: overnatting i kyrkja for 12-åringane
- T13 Forsoning: ei påskekveld for 13-åringane
- T14 og T15: Oppstart og Avslutning i konfirmantåret
- T16 LED: er leiarkurset vårt, der fem ungdomar frå Landro kyrkjelyd var med på kurset som vart avslutta i juni 2023, tre ungdomar frå Landro er med i kurset som starta opp i august 2023.
- T17 og T18 Adventsfesten: Også dei yngre ungdomane i FUNK er inviterte hit. I år vart det ikkje Sommarfest, av ulike grunner.



Fleire av T-dagane har vore arrangert i Landro kyrkje. T7 Sprell levande, T11 På Sporet, og T12 Lys Vaken. Det opplevast veldig positivt at fleire T-dagar er i Landro, og vi er takknemlege for frivillige medarbeidarar som stiller på T-dagane!

Konfirmantåret 2023

60 ungdommar (73% av dei døypte/tilhøyrande) frå soknet vart konfirmerte i kyrkja. Det vart fine og høgtidelege konfirmasjonar! Ved Fasteaksjonen i 2023 kom det inn kr. 48.318 (kr. 43.000 i 2022). Konfirmantlærarteamet i år er Torunn Nateland Utvær, Eivind Kausland Lie og Bjarte Nese. Kari Burke-Romarheim har ansvaret for tilrettelagt konfirmantundervisning dette året.

Babysong og open barnehage

Babysong i Landro kyrkje er eit samarbeid med Open barnehage som har hovudansvaret for babysongen. Det har vært fleire samlingar i 2023, avhengig av ressursar.

Søndagsskule

Vi har hatt sju søndagsskulesamlingar under gudstenestene.

Landroklubben

Har hatt åtte klubbkveldar med i snitt 12 deltakarar. Dei fleste deltakarane er konfirmantar. Sokneråd, sokneteamb og ungdomar jobbar saman om utvikling av Landroklubben og leiarkurset LED. Etter initiativ frå soknerådet har vi saman starta ein prosess for å finne ut korleis fellesskapa for ungdomar i kyrkja kan vere aktuelle og relevante for endå fleire ungdomar. Vi vil jobbe fram ein lokal plan for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Samarbeidet med skulane og barnehagane

I adventstida hadde vi fem adventsgudstenester saman med skulane, både barneskulane og ungdomsskulen kom gåande til samlingane i kyrkja.

Vandringar på kyrkjegarden: to vandringar med til saman 72 elevar frå 2. klasse i soknet.

3. klassevandringar / skuledag i kyrkja med tema "Kyrkja vår": For alle elevane i 3. klassane på Landro og Ågotnes skule. Kvar skule kjem med 3. klassingane sine til ein heil skuledag i kyrkja på oppdagingsferd etter tradisjonane, ritane, historia og kunsten i lokalkyrkja og lokalkyrkjelyden. På desse dagane er vi heldige og styrker staben: Medarbeidarane i Kyrkjepedagogisk forum bidrar med si pedagogiske erfaring og kompetanse, og gjer at det faglege opplegget rundt "Kyrkja vår" blir styrka. Vaksentettleiken gjev stor tryggleik.

I 2023 vart det kurs i «Vandring gjennom Bibelen» for femteklassingane i soknet både vår og haust.

Dei to årlege møtepunktta med representantar frå skulane i kommunen, SKU (Skule-Kyrkje-Utvalet), vart gjennomført.

Barnehagevandringar i kyrkja


Barnehagane (inkludert Open barnehage) kom til julevandringar i kyrkja. Det vart gjennomført sju vandringar med til saman 209 barn.

I påska hadde vi fire påskevandringar i kyrkja saman med barnehagane med til saman 67 barn.




UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK


BABYSONG



T4 KYRKJEBOKA




T10 HALLOTWEENS



T15 KONFIRMANT



ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR



ÅRSMELDING FRÅ DIAKONI

Hausten 2023 slutta Torunn Nateland Utvær som diakon i Landro og starta opp som diakon i Sund, men ho held fram med prosjekt "God nok". Renate Olsen Seim gjekk inn i ein 50 % vikarstilling som diakonarbeidar. Diakoniutvalet med diakonimedarbeidar og to frivillige held fram.

Vi har hatt formiddagstreff ein onsdag i månaden der vi møtast til godt fellesskap, song, mat og åndeleg påfyll. Vi har invitert ulike aktørar frå kommunen som har hatt spennande foredrag for oss. Fleire har kome til, og det har vore mellom 20-25 til stades. Dei tre frivillige som lagar mat og serverer gjer ein flott innsats.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste, både i samtalar med enkeltpersonar og med ulike arrangement. Oktober er månaden vi har ekstra fokus på sorg. I samarbeid med dei andre kyrkjelydane, arrangerte vi ein felles sorgkveld for pårørande. Sølvi Hopland heldt fordrag og bidrog med song. I forkant av allehelgensgudstenesta, hadde vi stand på Ågotnes senter. Diakonarbeidar og frivillige delte ut lys og faldaren «førstehjelp ved sorg». Det vart ei fin oppleving der vi kom i kontakt med mange menneske. Alle pårørande som hadde mista ein av sine sidan hausten 2022 var spesielt inviterte til allehelgensgudstenesta. Vi las opp alle namna og tende lys for dei avdøde.

Diakon, diakonarbeidar og andre i staben har også hatt ein del samtalar/sjelesorg på kontor og på heimebesøk.

Vi har også eit kontinuerleg tilbod om sorggruppe på Straume. Dette er felles for alle sokna.

Prosjekt God nok starta opp i januar 2023. Formålet med prosjektet er å styrkja barn si psykiske helse i overgangen til ungdomstida. Torunn N. Utvær leiar prosjektet og samarbeider tett med helsesjukepleiar på Landro skule. Saman har vi jente- og guttegrupper i skuletida annakvar veke der vi tek opp ulike tema innan psykisk helse. Annakvar veke samlast vi til "Etter skuletid" i Landro kyrkje. Etter eit varmt måltid med god tid til prat, har vi spel og aktivitetar i kyrkjekjellaren. Her har vi med oss fire frivillige, pensjonerte pedagogar. Vi har fokus på å vere mange trygge og gode vaksne som har tid og kan sjå den enkelte.

I samband med prosjekt VEKST, ved Maria Wergeland, har det vore arrangert ute-torsdagar og generasjonskveldar i kyrkja. I prosjekt VEKST ynskjer ein mellom anna å nytte uteområdet rundt kyrkja i større grad og finne nye vinklingar på å byggje fellesskap. Ute-torsdag er ein uformell møteplass ute med bålkos, fellesskap ulike vekstprosjekt og kunnskapsdeling. Det har vore 12 ute-torsdagar i 2023. Generasjonskveldane har i 2023 samla folk i ulike aldrar til fuglekasseverkstad, lefsebaking, kranseverkstad, påskeverkstad, ballongbilverkstad tur- og brettspelkveld.





ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



Eline Olsen
Kantor

Konsertar som blei haldne

- 07.01: Konsert på julefest med barne- og tweenskor, blåsarar, songsolistar og forsongarar.
- 11.03: Konsert på basar i Landro kyrkje med Landro barne- og tweens-/teenskor.
- 26.03: Jazzgudsteneste i Landro kyrkje. Konsert kombinert med

gudsteneste. Med blåsarar, band og forsongarar.

- 20.04: Songkveld med Vokalensemblet Bless, Landro vokal og band.
- 30.05: Sommarkonsert med Fjell barnekor og Landro barne- og tweens-/teenskor i Fjell kyrkje.
- 12.06: Internkonsert med Fjell kulturskule ved Berta Myklemyr.
- 10.12: Vi syng jula inn i Landro kyrkje. Medverkande: Landro barne- og tweens-/teenskor, Landro Vokal, songsolistar, blåsesolistar og band.

Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenesta følger vanlegvis ein mal der ein legg vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel og piano, nokre gangar blåsarar, og med forsongarar på fleire av gudstenestane.

Vi har i 2023 hatt musikkinnslag i gudstenester og konsertar med følgjande musikalske aktørar:

Landro barne-, tweens- og teenskor

- 07.01: Konsert på julefesten
- 19.02: Familiegudsteneste med fastelavnstema
- 11.03: Basar i Landro kyrkje
- 02.04: Familiegudsteneste på palmesøndag
- 23.04: Tweens- og teens-jentene var med på gudsteneste i Landro kyrkje
- 17.05: Barne-, tweens- og teenskolet deltok på 17. mai-gudsteneste i Landro kyrkje.
- 30.05: Avslutningskonsert i Fjell kyrkje saman med Fjell barnekor
- 03.09: T4- gudsteneste
- 29.10: Hausttakkefest-gudsteneste
- 25.11: Nokre tweens var med på T12, Lys Våken-gudsteneste som forsongarar og hjelparar.
- 03.12: Familiegudsteneste og T3 første søndag i advent
- 10.12: Vi syng jula inn

Landro vokal

- 20.04: Songkveld saman med Vokalensemblet Bless og band
- 10.12: Vi syng jula inn

Fleire av Landro vokal sine songarar er ellers med som forsongarar på mange gudstenester igjennom året.

Blåsarar: Vi har med oss fleire dyktige blåsarar frå både kyrkjelyden og frå Samarbeidskorpset Sotra Vest/Ulveset

som har vore med og spelt på til dømes julefesten, vanlege gudstenester, jazzgudsteneste, jule- og andre høgtidsgudstenester, 17. mai og Vi syng jula inn.

Sotra Reviderte ved Olav Sørheim: var med på ei gudsteneste i Landro kyrkje 16.04.

Komp og lyd: Vi har med oss fleire i kyrkjelyden, og nokre som vi lånar eller leiger inn, som speler bass, trommer og som stiller lyd for oss på gudstenester og konsertar.

Barne- tweens og teenskorarbeid

I Landro barnekore er det ca. 10 barn frå seks år til og med 4. klasse. Koret samarbeider tett med Landro tweens/-teenskor, som i 2023 talde åtte jenter.

Tweens blir rekna frå 4./5.-klasse t.o.m. 7. klasse. Frå 8. klasse og oppover blir dei kalla teens.

Alle kora øver kvar tysdag. Barnekoret øver frå 17.30 til 18.25, tweensjentene øver frå 18.30 til 19.20 og teensjentene øver frå 18.30 til 20.00

Kantor Eline Olsen er dirigent, pianist og hovudleiar for kora. Eivind Kausland Lie hjelper til sosialt og med andakt annakvar veke. Fleire andre frå Landro sokneteam er med på skift, ca. ein gong i måneden og held andakt og/eller aktivitet med barnekoret. Bodil Lee Øknses Espedahl er ofte dirigent for barnekoret ved opptreden.

6. juni hadde vi koseavslutning i Landro kyrkje med rebusløp, song, adjektivleik, andakt og kahoot.

Landro vokal

Landro vokal tel ca. 11-12 songarar fordelt på sopran, alt, tenor og bass. Koret syng salmer og songar i «Bedehusstil», og i pop-/gospel-/jazz- og latin-stil. Vi øver prosjektbasert mot konsertar eller gudstenester der koret skal vere med.



Medarbeidarane i Landro sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Bjarte Nese	Sokneprest
Maria Wergeland	Soknetamleiar/ diakonimedarbeidar
Eline Olsen	Kantor
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Kari Bruke-Romarheim	Trusopplærar
Eivind Kausland Lie	Kyrkjelydsarbeidar
Erlend Dale Løvfall	Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar
Janesh Ameyna	Kyrkjegardsarbeidar/ helgekyrkjetenar
Vegard Lynglund	Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar
Renate Olsen Seim	Diakonimedarbeidar
Torunn Nateland Utvær	Diakon- God nok

Årsrekneskap for Landro sokneråd 2023

Landro sokneråd har i 2023 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til fond på kr 148.714

Samla utgifter utgjer kr 383.967 og samla inntekter utgjer kr 538.681. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond. Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Landro sokneråd.

Landro sokneråd har i 2023 fått tilskot på til saman kr 145.000 til bygging av lavvo, kr 130.000 frå Sparebanken Vest og kr 15.000 frå Fana sparebank. Midlane er satt av på fond og vert overført til fellesrådet i 2024 for gjennomføring av prosjekt. Prosjektet er eit samarbeid mellom Landro sokneråd, frivillige og fellesrådet.

Landro sokn hadde ei overskot på Basarinntekter på kr 12.444 i 2023. Desse midlane er sett av på eige Basarfond.

Offer innsamla til egne verksemd utgjer kr 45.683 i 2023. Offer til andre formål utgjer kr 62.8098 og er utbetalt til ein rekke formål i 2023. Det vart samla inn kr. 60.600 på fast gjevarteneste til barne og ungdomsarbeid i soknet.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Landro sokneråd på mange ulike måtar i 2023.

